

FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 6 - DESEMBER 2020
ÅRGANG 43



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tys., ons. og fre.: kl.10:00 - 15:00
Ta kontakt på telefon om døra er låst
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje/kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Oma, Elisabeth Søndena
eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Ragde, Kjetil Hagevik 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Lunde, Svein 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Helland, Wenche A. 901 33 397

Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øymerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805



Framsdebilete:

Fitjar kyrkje

Foto: Torbjørn Hovland



Ei annleis jul



«Velkomen til kyrkje, alle i hop.» Dette seier me og ynskjer å sjå så mange som mogleg på gudstenestene i Fitjar kyrkje. Ekstra kjekt er det på julaftan når me ser benkane blir fylte og fleire benkar og stolar vert sette fram for å ta imot dei som vil byrja julefeiringa i Guds hus.

Roald Drønen

Normalt er det ca. 20 % av dei som bur i Fitjar som finn vegen til kyrkja julaftan. Denne jula vert annleis. Myndighetene har ikkje vilja letta på restriksjonane, heller gjort det endå strengare. Difor vil berre eit fåtal personar få plass i kyrkjebenkane denne jula.

Dette er svært vondt å tenkja på. Me har så lyst å opna opp og seia «Hjarteleg velkomen. Kjekt å sjå dåke alle!»

Det vonde viruset har råka oss - ja, heile verda – på ein måta me ikkje har opplevd før. Og me kjenner på angst, er redd for å koma nær og held avstand både til våre kjære og andre me møter.

Stengde dører var det som møtte Maria og Josef då dei kom heim til Betlehem. «Det var ikkje husrom for dei,» står det. Ein ussel stall med sauer og andre husdyr vart redninga då Frelsaren vart fødd julenatt. I kjærleik og solidaritet sendte Gud sin eigen Son til oss for å vera med oss når me kjenner oss redde og åleine. I jula kjem Gud vil oss på ein særskilt måte.

Shirley Erena Murray sendte i 1994 eit julekort til ei venninne med ein ny tekst der ho er redd at våre velferdssystem fører til meir og meir «sosiale avvising». Det er barn sine ulike oppvekstvilkår som står i fokus i teksten. Eyvind Skeie har omsett den vare teksten til norsk:

*Solbarn, jordbarn, bak di tynne hud
stråler mot oss kjærlighet frå Gud.
Hør oss, se oss, Stjernebarn stig ned,
så alle jordens barn i alle land finner julens fred!*

Norsk Salmebok nr.26 v.1

**Ta godt vare på kvarandre!
Velsigna julehøgtid til dykk alle!**





Ungdomsgudsteneste 2. juledag

Me held fram den gode tradisjonen med gudsteneste for ungdomar i Fitjar kyrkje 2. juledag på kveldstid. I år vil Oda Rydland (21 år) vera predikant. Ho har gått på Gå Ut Senteret sin bibelskule i Trondheim og begynte i haust på ei 5-årsutdanning innan industriell økonomi på NMBU- Norges miljø- og biovitenskapelige universitet - i Ås. Ho er leiar i studKRIK i Ås og er elles ofte med på Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag (Laget) sine møter.

Tor Håkon Aarbø (18 år) går siste året på Kongshaug Musikkgyrmas i Os. Han har hatt ansvar for musikken på denne gudstenesta dei siste to åra, og vil vera vikarorganist i år også. Andre ungdomar vil også delta.



Tusen takk!

Nils Ingmar Hageberg har vore ein trufast støttespelar i kyrkjelyden i mange år. Han har vore med i soknerådet i fleire periodar og gjorde ein svært stor innsats i samband med «vøling» av Fitjar kyrkje ved 150-årsjubileet i 2017.

Han har no feira 70-årsdag og valt å gje pengegåva - kr. 16.100 - til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Kom og bli med!

Kyrkjelydsweekend til Helgatun
19. – 21. mars

Påmelding til:

<https://kyrkja.no/fitjar>

Spørsmål kan rettast Roald Drønen - 950 76 635



På facebookside vår deler me noko av det som har skjedd og det som skal skje i kyrkja vår. Du finn oss under namnet Kyrkja på Fitjar. Lik og følg oss gjerne!

”Fitjar Kyrkjeblad”

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 12. mars til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 24. mars. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet





Ein eventyrleg sterk og vakker konsert

Dei 100 heldige som fekk tak i billett til konserten med Iver Kleive og Knut Reiersrud torsdag 29. oktober, fekk sanneleg valuta for pengane. Dei to kunstnarane auste rikeleg ut både kvalitativt og kvantitativt frå sitt rike repertoar. I samfulle to timar trollbatt dei ei lyttande forsamling med ein teknikk og eit klangunivers ein skal leita lenge etter.

T: Herman I. Aadland,

F: Torbjørn Hovland

Både kunstnarane og lyttarane hadde gledd seg stort til denne kvelden. Gjestene var svoltne på å få spela og dela, medan me var like svoltne på musikken og songen deira. Kleive var kjend her frå før. Han var blitt glad i både kyrkja, orgelet og folket, sa han. Og Reiersrud delte stadig meir same gleda. Det tok ikkje lange tida før kunstnarane og publikum smelta saman. Reiersrud, med fem gitarar og eit mylder av elektronisk utstyr, sat framme i koret. Med lun humor batt han konserten saman. Og etter ei lita stund let han om at applausen var betre og meir hjarteleg i Fitjar kyrkje enn i Oslo konserthus. Ja, han tok det oppatt fleire gonger. Og kvifor skulle me ikkje klappa? Maken vellyd og musikalsk utfolding skal du leita lenge etter. Orgel og gitarar glei saman og gjekk opp i ei høgare eining. Kva tid var det orgel, og kva tid var det gitar? Samspelet var glitrande og teknikken frapperande. Det dei presenterte for oss var for ein stor del kjende ting: Vakre folketonar, både religiøse

og andre, monumentale salmetonar slik me aldri har høyrte dei. Innimellom song Knut Reiersrud, bl. a. «Son, if you listen», «On the day when I was born» og «Mr. Bojangles». Han song med overtyding, innleving og varme. Og han gjekk i eitt med dei ulike gitarane sine. Han trylla, trødde takten og spela inn stemmer som han igjen la musikk utanpå.

Det fell for langt å ta fram alt som gjorde inntrykk. Men då dei tok tak i Eivind Groven sitt gamle pausesignal frå NRK radio og så bygde på det til det gjekk over i «Bruremarsj frå Sogn», var det mange som fekk hakeslepp. For ein folkemusikklang dei skapte. Og for eit forrykande samspel dei varta opp med.

Eit anna høgdepunkt var «Jesus, din søte forening å smake». Den vart til dels framført på ein klangbotn av krig. Reiersrud henta fram flydur og skotveksling på gitaren, medan Kleive la den trøystefulle, inderlege og tillitsfulle melodien utanpå. At det går an! Salmen vart jo heilt ny!



Så fekk me også høyra orgelet i all si storslegne prakt i J. S. Bach sin monumentale «Orgelfantasi i G-dur». Himmelsk og heftig! Kleive briljerte også med sin eigen toccata over «Store Gud, vi lover deg».

Ja sannleg, perlene stod i kø. Og me som fekk oppleve alt dette vakre, gjekk reinsa og oppbygde ut i kvelden. Mange snakkar framleis om opplevinga. Og me er samde om at: «Dette trong me!» og: «Det var ei oppleving for livet!» Og dei to kunstnarane? – jo dei vil gjerne tilbake til Fitjar. For her var det godt å spela. Musikken gjekk heim.

Men neste gong må det vera råd å fylla kyrkja til siste benk!





Sylteflesk og kilometer med tømmer



«Me fekk saft, kjeks, kakao, hadde mange barneleikar og gjekk rundt juletreet i høgtida. Sånn var det her i bygda då eg var liten,» seier Nils K. Rydland (blir 77 år 20. des.); han som mange kallar «Kala-Nils'n». Me har stogga på Måsaugane, rett vest om den nedlagde butikken på Rydland, for å slå av ein førjulsprat.

Roald Drønen

«Me samlast i dei ulike husa til barneselskap i julehelga. Det var så mange barn her i nabolaget på den tida at selskapa måtte delast i to; eitt for dei minste borna ein dag, og eitt for dei største borna ein annan dag,» held Nils fram.

Han vaks opp på garden med to eldre systre. At det var han som skulle ta over garden var sjølv sagt, sjølv om han aldri følte det som noko press. Interessa for gardsdrift fekk han inn med morsmjølka. Dei hadde mjølkekyr og smale, og om hausten hadde dei i tillegg eit par grisar som vart slakta til jul. (Det har gått nokre grisar på garden i haust også, med tanke på slakting til jul).

«Gris var julamat,» seier Nils. «Grisane vart slakta her på garden. Av dei vart det laga sylteflesk og kotelettar. Svinekjøt hadde me heile året. Me slakta alltid nokre lam også.»

Men på julaftan hadde dei alltid fersk torsk om dagen og graut til kveldsmat, med kakao og julekjeks. Gang rundt juletreet med levande lys hørde sjølv sagt med i dei dagar.

«Å få tak i juletre vart ikkje gjort i ei handavenda,» seier Nils. «Far vår gjekk og leita etter ei fin furu i

dagavis. Og var den ikkje fin nok, sette han inn nokre ekstra greiner på treet. For det skulle vera skikkeleg. Det vart alltid henta litle julaftan og sett opp julaftan.»

Nils kan ikkje hugsa at dei gjekk til kyrkja julaftan. Juledag derimot pynta dei seg for å feira Jesu fødsel med gudsteneste i Fitjar kyrkje.

Etter eitt år på Framnes, reiste Nils til Lyngdal (som skikken var for mange gutar som skulle ta over heimegarden på Fitjar). Etter to år var han utdanna agronom, men var ikkje heimom før han reiste i militæret på Haakonsværn. Då han kom attende til Fitjar, kørde han mjølk frå gardane i Fitjar til meieriet i bygda. I mange år kørde han mjølk også til Bergen.


Etter at faren døydde i 1973, overtok Nils drifta på garden. I tillegg har han brukt mange timar på saga Skogeigarlaget sette opp i 1981, og som han saman med tre andre overtok i 1986.

«Eg har skore mange kilometer med tømmer» seier Nils, «og levert material til mange hus i Fitjar. Eg har også køyrt mange turar til Austevoll, Bergen og heilt til Osterøy!!»

Dei siste åra har Nils vore ein av mange som gjer teneste som kyrkjevert ved gudstenester i Fitjar

kyrkje (det er me svært takksam for). Det var ganske naturleg for han å seia ja til ei slik oppgåve. Han vaks opp med kristne foreldra og har alltid vore ein kristen. «Eg sit ikkje heime i stova når det er gudstenesta i kyrkja mi,» seier han.

I mange år var han engasjert i skyttarmiljøet i Fitjar. Mange søndagar kørde han nokre av sine egne barn (seks i alt) på stemne ulike stader i området. «Deltakinga mi på gudstenesta har teke seg opp dei siste åra,» seier Nils med eit lunt smil. Me takkar Nils for ein triveleg prat og ynskjer ei gledeleg julehelg til han og gardsfolket.



BARNESIDE

Eit barn blir født



Barnet blei født medan Josef og Maria var i stallen.
Fyll ut den uferdige teksten.



I stallen sov J _ _ _ _ ba _ n _ t i ei k _ _ _ _ _ .


Ein stad å sove

Ei glitrande stjerne strålte over stallen den natta Jesusbarnet
vart fødd.

Alle desse 8 stallane ser like ut, men det er ein som er annleis,
der vart Jesus fødd.



Klarar du å finne stallen som ikkje er lik dei andre?





Stina M. Aa. Neergård/Helga Rimmereid

Som om ikkje koronaviruset var nok, så opplevde Mali statskupp i august. Statskuppet gjekk relativt roleg for seg, og det er no semje om ei 18 månaders overgangstid, før det skal haldast val.

Likevel fortel Ngayap, som er misjonær frå Kamerun og direktør for arbeidet i Mali, at kuppet har mange uheldige konsekvensar for misjonsarbeidet. Den største er at grensene er stengt, noko som betyr at nye misjonærer som var på veg til Mali foreløpig ikkje kan reise, og at misjonærfamiliar som skulle reisa heim frå Mali i sommar ikkje har kome seg heim.

Frode Brügger Sætre, som er vår norske misjonær i landet, vart evakuert frå Mali i mars og vil foreløpig bli i Noreg fram til jul.

Uro

Det er stadig veldig uroleg i Mali. Fulanifolket, som me jobbe blant, blir ofte skulda for å vera islamistiske terroristar, og vert samstundes utsett for massakre frå andre folkegrupper. Dei fleste internflyktningane i Mali er fulaniera som har flykta hals over hovudet for å redda livet, og har dermed mista alt dei eigde.

–Me håpar at nødhjelpsarbeidet me driv blant flyktningane er eit vitnesbyrd om Guds kjærleik, sier Ngayap.

Imam kom til tru

Det er fantastisk å sjå at kyrkjelyden veks og at nye fulaniera blir kristne. Midt i den mest urolege delen av Sentral-Mali kjem stadig nye menneske til tru. Den nigerianske misjonæren som jobbe der fortel at det no er tre personar som er klare for å bli døypt. Ein av dei er til og med imam.

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. Det bur omkring 20 millionar menneske i Mali, og ca 3 millionar av desse er fulanarar. Berre eit par hundre av desse er kristne, og NMS jobbar for å nå ut med evangeliet om Jesus til det fulanitalande folket i Mali. Mali er eit av dei fattigaste landa i verda, det er væpna konflikhtar i store deler av landet. og misjonsarbeidet er prega av kontrastar.



Imamen er kamerat av ein fulani som er internflyktning. Denne flyktningen kom i kontakt med dei kristne fulanierane i byen i fjor, og allereie etter nokre månader vart han døypt. Kona til flyktningen har og blitt kristen, og er blant de tre som no får dåpsundervising.

Misjonæren i denne byen fortel:

–Imamen fekk høyra om Jesus frå ein kamerat. Då han oppdaga at det kameraten hadde fortalt han var sant, ville han gjerne høyra meir. Første juli starta eg å undervise han. No har han teke imot Jesus som Herre og Frelsar og held på med dåpsførebuing!



Foto: Ingvald A Frøyen

Foto: Stina M. Aa. Neergård



Så langt i år har Fitjar kyrkjelyd bidrege med vel 40 000,- til misjonsarbeidet i Mali.

Neste kollekt til prosjektet vert i samband med gudstenesta 1. juledag.



4-års bok



Randi Lønning Matre/Torbjørn Hovland

24. oktober inviterte me alle 4-åringar til vandring i kyrkja. Dei vart inndelt etter barnekohortane, i passe store grupper. Gjennom 5 ulike stasjonar vart barnehagekohortane kjende med kyrkja si og med søndagsskulen i Fitjar. Dette året vart samlinga avslutta med song, bibelforteljing og utdeling av 4-årsboka. Tusen takk til alle frivillige medarbeidarar som stiller opp. Og tusen takk til søndagsskulen for godt samarbeid.





Babysongkurs



Denne hausten har eg vore så heldig å får være med på Babysongkurs saman med to flotte medarbeidarar.

Randi Lønning Matre

Dette semesteret er det mange mødre og babyane deira som har funne vegen til Fitjar bedehus anna kvar tysdag. Det er ikkje alle som kan komme kvar gong, men denne tysdagsformiddag er det 12 babyar fordelt utover rommet med matter og dyner, mellom sjal og rangler.

Her er det regler som lokkar fram smil og litt latter. Såpebobler som svever over babyane, og fangar deira merksamd. Songar med rytmeinstrument og mjuke sjal. Songstunda vert avslutta med Jesus du er glad i meg og velsigning. Så er det mat og ein kopp kaffi eller te.

Eg snakka med nokre av mødrene under lunsjen og dei er samstemt at dette er eit høgdepunkt i veka, både for mor og barn. Det er ei god kvalitetstid saman med babyen.

«Me lære mange flotte songar og regler som me kan bruke heime»

«Det er veldig koseleg og sosialt»

«Det er ikkje tvil om at babyen likar dette. Det ser eg når eg kjem heim og syng til babyen»

«Det er eit flott tiltak, som eg gjerne anbefaler til andre som er heime med baby»

Julekos på Fitjar Bedehus

mandag 28. des. 2020 - kl. 15:00



Dette året kan me ikkje arrangera tradisjonell julefest på bedehuset. Me har likevel lyst til å invitera til ei samling med god mat og drikke. Det vert andakt og song/musikk – julesongar.

Ønskjer du å vera med på denne kosestunda, må du melda deg på innan 22. des. til:

Annbjørg Stjern Tvedt - 470 18 264 eller
Sigrunn Eiken - 951 02 742

Treng du skyss, så ordnar me det.

Me må følgja smittevernreglane for antal og hygiene.

Arr. Soknerådet si diakoninemnd og Fitjar Indremisjon





Fire i Fitjar



Me har møtt fire tilfeldige personar i Fitjar og stilt dei nokre spørsmål om julehøgtida:

1. *Opplever du tida før jul stressande eller kosar du deg?*
2. *Spesielle juletradisjonar du ikkje klarar deg utan?*
3. *Korleis vert di julefeiring i år?*
4. *Kva set du mest pris på ved høgtida?*



Silje Olene Tufteland Aga (33 år)

1. Nett no kosar eg meg. Eg gjer alle juleførebuingane i november sånn at eg kan nyta desember; så no er eg ikkje stressa. No er det berre baking og kosing igjen og eg kan nyta tida saman med familien.
2. Det viktigaste er samvær med familien. Så då set me av ekstra tid. Me kan gå tur, sjå julefilm, spela spel. Det er liksom såne ting som er viktig og glede over ungane, og gjera ting med dei.
3. Mamma og pappa kjem på besøk, og me skal vera heima. Så det blir som vanleg, sjølve julefeiringa. Korona kjem me ikkje til å merka, sidan det går etter planen som me hadde tenkt.
4. Det var ikkje så lett å svara på. Gleda er viktig. Jula er ikkje først og fremst å gleda ungane med presangar. Til vanleg er det stress, då ungane skal på ulike aktivitetar. I jula kan me ha tid med kvarandre, vera i lag og kosa oss saman.



Foto: Roald Drønen

Kjellfrid Tufteland (68 år)

1. Eg kosar meg. Det er stemninga og lyset og alt. Så eg stressar ikkje.
2. Baking og pynting og vasking. Eg pyntar med lys og kransar og sjølvsaft juletre.
3. Sånn som andre juler. Det blir ikkje dei store forandringane.
4. Den kristne budskapet og å vera saman med familien.



Foto: Roald Drønen



Ole Sandvik (52 år)

1. Begge delar, inni mellom arbeidsøktene er det godt med julekake og te.
2. Julekonsert med korpsmusikk og korsong, nok som me ikkje får i år. Men kåno har lammerullen klar.
3. Tradisjonell med nærmaste familien, men utan juleselskap og julafestar.
4. Julaforteljinga om barnet i krybba som kom til oss som folkefrelsar. Og dei gode stundene saman med familien.



Foto: Privat

Jørgen Skram Isdahl (15 år)

1. Eg kosar meg. Eg skal ikkje kjøpa pakkar til folk, så eg slappar av.
2. På julafto må eg til besten og besto på Rimbareid og eta graut med mandel i.
3. Eg trur det blir litt strengare. Det blir ikkje like mykje tradisjonar med kyrkjo og sånt. Så det blir litt annleis.
4. Familien og venar er viktigast.



Foto: Roald Drønen



Det glitrar ei perle

Haldis Reigstad

*Det glitrar ei perle i jorda,
ho skin på den vegen vi går.
Det himmelske lyset skal stråla
til heime i himlen vi står.
Gud la denne skatten i leirkar,
i stallen fekk Frelsaren rom,
og alle som knelar der inne,
blir fylt av den gleda som kom.*

*Om glansen frå Betlehem sloknar,
når draum etter draum fell i grus.
Om klagesong fyller det hjarta
som før var eit jublande hus.
I leirkaret Gud har velsigna,
ligg perla som aldri blir matt.
Ho trufast skal visa oss vegen
igjennom den mørkaste natt.*

*Gud gåve til menneskeslekta
er livet som aldri skal døy.
Med hyrdar og vismenn omkring seg
ligg underet fødd av ei møy.
I han skal vi trøysta kvarandre,
i han vert vi levande lys.
Den perla som glitrar i mørket,
kan varma kvart hjarta som frys.*





Når eg spør Therese Waage Nysæther kva som er hennar favoritt blant julesalmane, kjem svaret nesten før eg har fått sagt spørsmålet.

Roald Drønen

Det må bli «Deilig er jorden», seier ho. Det er den første som kom meg i tankane, når du spurte meg.

Kva er det med den som er så spesielt?

Det er ein flott, mektig salme som gjev skikkeleg julestemning.

Når ein er i kyrkja på julaftan, er det veldig stemningsfullt, når alle reiser seg og syng «Deilig er jorden i lag før ein går heim. Då er det jul!



Deilig er jorden

*Deilig er jorden,
Prektig er Guds himmel,
Skjønn er sjelens pilgrimsgang!
Gjennom de fagre riker på jorden
Går vi til paradys med sang.*

*Tider skal komme,
Tider skal henrulle,
Slekt skal følge slekters gang;
Aldri forstummer tonen fra himlen
I sjelens glade pilgrimssang!*

*Englene sang den
Først for markens hyrder;
Skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden! Menneske, fryd deg.
Oss er idag en Frelser født*



Nytt frå soknerådet desember 2020

Sigrid Fangel takkar for seg etter to år som nestleiar og tre år som leiar i sokne- og fellesrådet i Fitjar. Ho overlet roret til Svein Lunde i vissa om at han kjem til å leie soknerådet vidare med stødig hand. Sigrid fortset som skrivar i soknerådet i tillegg til å ta opp igjen tenesta som frivillig klokkar. Wenche Andersen Helland held fram som nestleiar.

Sigrid Fangel

Den økonomiske situasjonen for kyrkjelyden er for tida god. Grunna pandemien har det vore mindre aktivitet i kyrkjelyden. Det er eit overskot som kan brukast til prosjekt. Fleire prosjekt er trekt fram, og soknerådet sluttar seg til desse forslaga:

- Kjøpe inn ny løpar i kyrkja, både i skipet og våpenrom i samarbeid med Kyrkjeringen. Dagens teppe/løpar er eldre enn 60 år.
- Innkjøp av instrument til kyrkja for bruk i ungdomsarbeid er sendt til Gudstenesteutvalet for uttale.
- Etter tilsetting av ny vaktmeister, vil diverse

vedlikehald bli utført i eigen regi. Det er også sett av pengar til noko nytt verktøy til bruk på kyrkjegarden.

- Ny tilstandsrapport for trea på kyrkjegarden skal bestillast hos ekstern leverandør.
- Det er sett av pengar til lågterskeltilbod for ungdom. Ungdomane ynskjer «-Liten andakt, stor aktivitet og mat».

Helga Rimmereid møtte på soknerådemøte 19.11. og gav ei svært engasjert og god orientering om misjonsprosjektet i Mali som kyrkjelyden er engasjert i. Eit samstemt sokneråd gav stor ros til nemnda og særleg Helga for det arbeidet dei har lagt ned.

Soknerådet legg opp til månadlege møte i rådet fram til sumaren, som regel nest siste torsdagen i månaden.

Soknerådet nyttar høvet til å ynskja alle Fitjarbuarar ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år, i von om at tilhøva vert normalisert og vi igjen kan koma saman som gode sambygdingar.





Me har fått ny kyrkjegardsarbeidar!



Kyrkjebladet sin utsende møtte Kjetil på kyrkjegardshuset ein regnfull formiddag i november. Då sto han bøygd over ein plenklippar på verkstaden, fint kledd med skjorte og slips og jakke med Tide-logo. Du er flott kledd, sa skribenten. Er det noko spesielt som skjer i dag? Nei, sa Kjetil, dette er uniforma eg har som bussjåfør!

Harald Johan Sandvik

Då måtte me spørja meir, og det vart ein hyggeleg samtale. Kjetil voks opp på garden Ragde i Odda. I år 2000 var han ferdig utdanna som fiskerøktar. Ute på Ænes møtte han Svein Nøttveit, og då fekk han tilbod om jobb som sommarvikar på Fitjar Laks. Det sa han ja til, og her vart han også godt kjend med Rasmus Fitjar. Likevel flytta han til Odda etter sommarjobben, sidan han fekk tilbod om ein god jobb der inne. Men han heldt heile tida kontakt med Svein og Rasmus, og det kom stadig tilbod om jobb. Så tok Rasmus kontakt i 2007, og meldinga var at «no er det alvor. Du må koma ut til Fitjar så me får snakka litt!» Kjetil reiste til Fitjar, der han møtte heile staben, og han takka ja til jobbtilbodet. Der fekk han Marianne Korsvik til kollega, og etter kvart vart dei eit par. Dermed vart han verande på Fitjar, og dei bur på Helland.

På Fitjar Laks vart det store endringar etter kvart, og Kjetil byrja med andre oppgåver. Han hadde ein link inn til HSD og Tide like frå han var 18 år, og no vart han sjåfør på Kystbussen nokre år, kombinert med engasjement i laksenæringa.

Dei to siste åra har han vore fast hos Tide, med skule- og arbeidsruter på Fitjar. Framleis vil han ta buss-oppdrag når det passar med arbeidet i kyrkja. Då kan busskøyringa verta ein hobby.

Så vart stillinga på kyrkjegarden, 70 % stilling, utlyst, og Kjetil vart oppfordra av fleire til å søkja. 1. november i år tok han til med arbeidet, og han angrar ikkje! Så langt har han gode erfaringar. Det er kjekt, og han er blitt veldig godt motteken av dei andre i staben. Her vil alle det beste for alle, og det er ikkje sjølvsgatt i arbeidslivet! «Her vil eg stortrivast, og dette er ein arbeidsplass der ein jobbar svært sjølvstendig. Det passar godt for meg,» seier han.

I denne jobben treng ein å vera allsidig. Kjetil har fagbrev som snekker, og han jobba mange år hos ein entreprenør i Odda. Difor har han vore innom mange ulike arbeidsoppgåver.

Me takkar for praten, og ynskjer Kjetil velkomen i kyrkjestaben! Dette gleder me oss til!



Kjetil Hagevik Ragde tok til i stillinga 1. november

Foto: Roald Drønen



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
TLF: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinne
lag

Fitjar
Bygdekvinne
lag

FINERO
REGNSKAP

www.finer.no - jantore.aarskog@finer.no



Din Catering leverandør

FITJAR
SJØ OG CAMPING

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

Hår
loftet

OPRINGSTIDER
Mån,tirs,fre: 9-16
Ons,tors: 9-18
Laur (kun drop-in): 10-13

*Fiks frisyren
hos oss!*

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget **53 49 78 90**
For timebestilling ring:



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950

Ledig annonseplass

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
*Faglig tyngde og
godt humør*

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**
Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146

**FITJAR
SMABAT AS**



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - http://www.fitjarbaat.no



KVERNENES



Sko – Gåver – Leiken

**Kom: Norsk Tipping
Rikstoto**

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Syng med oss !
OSTERNES MANNSKOR

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI
SHIP DESIGN

www.heimli.com
Havnavegen 90, Fitjar



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døpte:

06.12. Tori Moores

Jordfeste:

Willy Helland
f: 16.08.1949 – d: 25.09.2020

Paul Øyvind Mehammer
f: 27.05.1962 – d: 18.10.2020

Sigmund Vestbøstad
f: 26.07.1941 – d: 27.10.2020

Signe Marie Mulvik
f: 07.12.1931 – d: 29.10.2020

Jan-Helge Tufteland
f: 17.11.1968 – d: 25.11.2020

Ingvall Andreas Korsvik
f: 11.08.1935 - d: 30.11.2020



*For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder.
Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.*

Jes. 9, 6



Gudstenester i jule- og nyttårshelga

Alle gudstenestene i jul- og nyårshelga vert strøyma. Gå på heimesida kyrkja.no/fitjar og følg rettleiing.

Lista ser slik ut:

Julaftan kl.15.30 Gudsteneste - berre for deltakarar

Juledag kl.11.00 Gudsteneste - berre for deltakarar

2. juledag kl.19.00 Ungdomsgudsteneste - ungdomar vert prioriterte (maks 50 personar)

Påmelding til Roald Drønen tlf. 95076635

Inga gudsteneste søn. 27. des. og nyårsaftan.

1. nyårsdag kl.11.00. Gudsteneste - maks 50 personar.

For gudstenester i 2021 - Sjå heimesida - <http://kyrkja.no/fitjar>